


# Regionalt kompetansesenter for HABILITERING OG REHABILITERING





## Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering

### Hovudoppgåver og funksjonar:

- Forsking og fagutvikling
- Nettverksbygging
- Undervisning
- Regional koordinerande eining (RKE)
- Regional vurderingseining for rehabilitering (Vurderingseininga)

### Organisering og lokalisering

Senteret er organisert som eiga eining ved ReHabiliteringsklinikken i Helse Bergen, og held til på Nesttun. Kompetansesenteret har nettverk av bindeleddsmedarbeidarar knytt til dei koordinerande einingane for habilitering og rehabilitering (KE) i Helse Stavanger, Helse Fonna og Helse Førde.

### Mandat, strategi, planar og rapportering

På grunnlag av mandatet frå Helse Vest RHF, har senteret utarbeidd Strategi- og tiltaksplan. Årlege planar for aktivitetar og tiltak blir lagt fram for og rapportert til den regionale referansegruppa, og styringsgruppa. Årsrapportane frå kompetansesenteret til Helse Vest RHF er publisert på:

<https://forskningsprosjekter.ihelse.net/HSListe.aspx/>

### Medarbeidarar og kompetanse

Medarbeidarane ved senteret har forskjellige helsefaglege grunnutdanningar. Dei fleste har også vidareutdanning/mastergrad/hovudfag innan relevante fagområde. Alle har klinisk erfaring frå habilitering og/eller rehabilitering i spesialist- og kommunehelsetenesta.

### Forsking og fagutvikling

Kompetansesenteret skal bidra til å styrke tverrfagleg forskning og fagutvikling innan habilitering og rehabilitering i regionen. Av tiltak for å oppnå dette er: *Forskningsprogram for habilitering i Helse Vest (2009)* og *Ein epidemiologisk studie av rehabiliteringspasientar på Vestlandet med vekt på aktivitet og deltakelse (2014)*. Senteret har tilsett to doktorgradsstipendiatar frå 2014.

### Nettverksbygging

Som bidrag til utvikling av fag og tenester på tvers av einingar, sjukehus, institusjonar og kommunar, driver senteret fleire tverrfaglege nettverk. Desse er: *Regionalt nettverk innan rehabilitering for personar med lunge-sjukdom (2012)*, *Fagnettverk om psykiske lidningar og utfordrande åtferd hos personar med utviklingshemming (Helse Stavanger, 2012)*, *Regionalt kompetansenettverk for CFS/ME (2014)* og *regionale forskingsnettverk innan habilitering (2010) og rehabilitering (2015)*.

### Undervisning

Medarbeidarar tek del i undervisning innan helsefag ved høgskolane i regionen, og bidrar på kurs og konferansar i regi av samarbeidspartnarar. Senteret arrangerer også ulike møter og konferansar for utveksling og spreiding av kunnskap innan habilitering og rehabilitering.

### Regional koordinerande eining

Består av KE ved dei fire helseføretaka i regionen. Oppgåvene ved KE er forankra i *spesialisthelseloven* og *Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator*. Alle KE har etablert og driv *Møteplass for habilitering og rehabilitering* i kvart HF-område, retta mot personell i spesialisthelsetenesta og kommunane, samt *Dialogforum for koordinatorar i spesialisthelsetenesta*.

### Regional vurderingseining for rehabilitering

Vurderingseininga behandlar og vurderer tilvisingar til rehabilitering i private somatiske rehabiliteringsinstitusjonar, frå fastlegar og avtalespesialistar, for pasientar busett i Helseregion Vest.

Tilvisingar kan sendast elektronisk gjennom Norsk helsenett adresseregister eller som brev til: Regional vurderingseining for rehabilitering, Østre Nesttun-vei 2, 5221 Nesttun.

**Les meir om oppgåver og tiltak ved kompetansesenteret:**  
[www.helse-bergen.no/kompetansesenter-habrehab](http://www.helse-bergen.no/kompetansesenter-habrehab)

### **Kontakt oss gjerne**

#### **Telefon**

55 91 85 40

#### **Video**

907784

#### **Adresse**

Østre Nesttunvei 2  
5221 Nesttun

### **Informasjonstelefonen for ReHabilitering**

Grønt nummer: 80030061  
Open kvardagar 09:00 - 15:00